Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Saltdal

Emne: Skav Bygdelag: Setså

Oppskr. av: Harald Skavold Gard: Sommarvold

(adresse): Setså i Salten G.nr. 2 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Hovudsakleg

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein har ikkje nokko sammanm for dei ymse slag attåt-fôr.

2. Ein har ikkje nokko sammanm her heller

3. Bøying av gjerningsordet Skava.
å skav – skava – skov – skava.

4. Ein har nytta skav til krøterfôr her i bygda. (Det heiter skav).
Det var fôr i tida regulart fôrslag.
No er det ikkje nytta her i grenda.

5. Ein nytta berre raun.

6. Ordet skav nytta ein på det ein skov av raun og gav sauene og geitene. Men ein skov og andre treslag for at dei skulle turke fort, og bjørk for å få bork til barking av skinn og segl.

7. Kjenner ikkje dette rimet.

8. Berre saui og geit fekk skav. Dei fekk det for og sjölv til middag.

9. Fell burt.

10. Ein skov den veden ein elles skulle ha til huset.
På ein gard her slapp dei krötera ut på tunet der beitbröten låg. Då gnog sauene og geitene bork og kyrne åt ris.

11. Fell burt.
12. — " —
13. Kjenner ikkje gj. ordet marla.
14. Det hende sjölsagt i naudår at ein laut av og ~~x~~ hente skavved.

15. Var veret godt heldt ein seg ute og skov. Elles skov ein hövelege kjeppar inne i vedskjytta.
Ein kutta og veden i hövelege lengder og sat inne og skov om vinterkveldane. Ein la då ein skinnbite over vinstre kneet, sette ~~tt~~ kjeppen nedpå og stödde han med vinstre handa. Så skov ein med den högre.

16. Reidskapen var ein skavel. Han var laga til dette brukket. Eggar var av ein gamal ljå og sat i eine enden på eit skaft til bruk for ei hand eller for båe hendene. Skaftet var i det siste höve nokko lengre.

957
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Skavel.



17. Sjå 15.
18. — " — .
19. — " — .
20. Ved som er skava kallar vi skjævvel (sjævvel).

21. Borken som er avskava, kallar vi skav.

22. Ein skav både tunne og ~~st~~ tjukke kjeppar.
No nyttar vi og skavelen til å revle ved med. (revle, strekke, berke). Det er ein hendig ~~red~~ reidskap. Eg har og nytta han til å hole ut trekaupar med.

23. Sjå 20. Ordet er ubøygeleg.

24. Kjenner ikkje til noko slikt.

25. Veden vart nytta til vanleg brennved, men det er ukruleg at han var nytta serleg til bakstevéd avdi han var lett å turke.

26. Det kan vel vere kring 25-30 år sidan dei slutta med skav til fôr her i grenda.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING